

«MOTTAKERNAVN»  
«ADRESSE»  
«POSTNR» «POSTSTED»

Dato: 12.06.2018  
Vår ref.: 2014/11775-33  
Saksbehandlar: eirkniv  
Dykkar ref.: «REF»

«KONTAKT»

## Invitasjon til studietur med Vestkystparken 29 - 31 august 2018

Styret i Vestkystparken ønsker å invitere 1 person frå Fjordkysten Friluftsråd, Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal og Sunnmøre friluftsråd med på studietur til Lofoten og Vesterålen 29 – 31 august 2018. Styret har vedteke at hovudfokus på studieturen skal vere **handtering av maritim forsøpling og naturbasert reiseliv**.

Program ligg vedlagt. Vestkystparken dekkar kostnader til felles transport i Lofoten, innleiarar, møtelokale, medan reise til Lofoten, aktivitetar, kost og logi må dekkas av dykk. Vi har reservert overnatting for dykk.

Vestlandsrådet har sett fokus på marin forsøpling og eit godt samarbeid og engasjement rundt denne viktige saka er etablert. Skjærgårdstenesta har teke ei rolle i dette arbeidet, og de er aktuelle kandidatar som med-operatørar.

I samband med regionsreforma skal Hordaland fylkeskommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune frå 2020 bli til «Vestland fylkeskommune». I den samanheng bør ei utviding av Vestkystparken nordover vurderast.

Vestkystparken (VKP) er eit regionalt partnerskap for strategisk, praktisk og økonomisk samarbeid om viktige friluftslivsområder langs kysten i Rogaland og Hordaland. Vestkystparken har som oppgåve å samarbeide om ein effektiv og bærekraftig forvaltning av viktige friluftslivsområder.

Partnerar er Bergen og Omland friluftsråd, Dalane Friluftsråd, Friluftsrådet Vest, Jæren Friluftsråd, Ryfylke friluftsråd, Fylkesmannen i Hordaland, Fylkesmannen i Rogaland, Hordaland fylkeskommune og Rogaland fylkeskommune.

Vestkystparken håpar de har høve til å delta. Fristen for attendemelding er sett til 4. juli. Om de har spørsmål kan de ta kontakt med Eirik Knive, tlf: 55239166 eller [eirik.knive@hfk.no](mailto:eirik.knive@hfk.no).

Britt Karen Spjeld  
fylkesidrettssjef

Eirik Knive  
rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*